

Lindås kommune
Kvernhusmyrene 20
5914 ISDALSTØ

Dato: 08.09.2017
Vår ref.: 2017/15298-1
Saksbehandlar: sveklyv
Dykkar ref.:

Vassforvaltninga i kommunen for å nå miljømåla

Det er ei stor oppgåve å ta vare på vatnet som ressurs. For å nå målet om at alt vatn skal ha god kvalitet, har norske styresmakter vedteke «Vassforskrifta» og bygd opp eit breitt samarbeid mellom ulike aktørar. Kommunen har ein viktig jobb i dette arbeidet som no er i gang.

Kva medfører dette konkret for kommunane:

Kartleggingsarbeidet som er gjort i vassforekomstar i Hordaland har konkludert med at me ikkje har god vasskvalitet alle stader. Mellom anna er det ein del vassdrag som ikkje når kvalitetsmåla på grunn av utslepp frå spreidde avlaup, kloakk, landbruk, avfall m.m.. Kommunen skal følge opp tiltak som inngår i tiltaksprogrammet og kan treffe vedtak etter relevante lover der kommunen har mynde. I kommunen si sakshandsaming skal det foretakast ytterligere vurderingar av fordelar og ulemper ved dei einskilde tiltak før gjennomføring.

Tiltak innan avlaup vil mellom anna kunna gje krav om modernisering og utbetring av eksisterande avlaupsordning og kloakk i område med vassforekomstar som ikkje held kvalitetsmåla.

Tiltak innan landbruk vil kunna gje krav om endringar i driftsform og tekniske anlegg i område med vassforekomstar som er i risiko og ikkje held kvalitetsmåla.

Hordaland fylkeskommune har i 2016 og 2017 informert kommunane i ulike fora om kva vassførekomstar som har problem og gjeve dei lister over kommunen sine tiltak som ligg i planen. Me har også gjeve tilbod om å møte kommunen for å diskutera tiltaka, og har alt vore i møte med nokre. Møte i alle vassområdeutvala, der alle kommunar er med våren 2017, gav også inngående kunnskap om arbeidet som no skjer.

Det er viktig at alle kommunar no er i gang med vurdering av tiltaka og planlegg gjennomføringa av desse. Dersom eit tiltak ikkje kan gjennomførast innan denne perioden (2017-2021), må ein oppgi årsak (uforholdsmessig dyrt, tekniske årsakar eller uforutsette natur- og miljøkonsekvensar § 9 i vassforskrifta).

Det er difor no viktig at politikarar og administrasjon i kommunen prioriterer dette arbeidet framover for å overhalda vedtekne fristar. Kommunen må bruka eigne og naudsynte ressursar til å møte i prosjektgrupper, få fram faglege fakta og planleggja tiltak.

Oppsummering av dette arbeidet:

- Gjennomgang og analyse av tiltaka i kommunen i 2017
- Planlegging av tiltaka der ein er sektormynde (landbruk, avlaup, avfall m.m.) i 2017-2018
- Rapportering av gjennomføring av tiltak innan 2018

- Gjennomføring av tiltaka innan 2021

I perioden 2017-2019 vil Hordaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Hordaland bruka 2-3 millionar kroner på overvåking og prøvetaking i vassforekomstar i Hordaland. Dette arbeidet er finansiert med statlege midlar. Me prioriterer å undersøkje område der det skal gjennomførast tiltak. Resultata av desse undersøkingane kan ein fortløpande finna på vann-nett.no. Her finn ein også fakta om alle vassførekomstar i landet vårt.

Prosjektmidlar til landbruk og avlaup:

Me veit at kommunen har mange og store oppgåver på ulike område, og har sett at dei treng hjelp. Hordaland fylkeskommune har difor søkt om midlar og fått pengar frå Miljødirektoratet til arbeidet med tiltak innan avlaup og landbruk i Hordaland.

Me har fått kr 1,2 mill til gjennomføring av prosjekt på separate avløp i regi av DIHVA (driftsassistansen for vatn og avløp i Hordaland). Oppstart og utprøving av metode vert gjennomført i kommunane i Nordhordland. Erfaringar herifrå vert overført til andre område i fylket. Me har fått kr 600 000 til gjennomføring av prosjekt på landbruk. Oppstart og utprøving av metode vert gjennomført i kommunane i Nordhordland i regi av dei lokale landbrukskontora. Erfaringar herifrå vert overført til andre område i fylket.

I løpet av hausten 2017 vil det verta kalla inn til møte i vassregionutvalet for Hordaland, der me vil informera meir om prosjekta og kommunane si rolle i dette arbeidet. Det er viktig at politikarar og adminstrasjon som er valde til utvalet, kjem på dette møtet.

Regionale vassforvaltingsplanar:

Regionale vassforvaltningsplaner for perioden 2016-2021 var på brei høyring og vart handsama av dei fleste kommunestyra. Planen vart vedteken av fylkestinga i 2015 og godkjent av Klima- og miljødepartementet 01.07.2016. Tiltak innan vasskraft fekk utsett frist til neste planperiode til 2027, medan dei fleste andre tiltaka ligg inne i denne planperioden. Planane bestemmer kva som er miljømålet for vassforekomstane og når desse skal nåast.

Vassforskrifta

For å få til eit løft for vassmiljøet valde Noreg å slutte seg til «EUs vanndirektiv». For å sikre gjennomføringa av vassdirektivet i Noreg, har styresmaktene i 2006 utarbeidd den norske «Vassforskrifta», som har som mål å sikre ei betre forvaltning av vassførekomstane. Forskrifta krev at vassførekomstane frå fjell til fjord skal ha god økologisk og kjemisk tilstand ut i frå definerte måleparametar.

Kommuneplanen sin arealdel

De regionale vannforvaltningsplanane har verknad for kommunen si arealplanlegging. I saker der kommunen er mynde må den vurdere om ny aktivitet eller nye inngrep i ein [vassforekomst](#) fører til at miljømål ikkje vert nådd eller at tilstanden vert dårlegare, og eventuelt om vilkåra etter [vassforskrifta](#) § 12 er oppfylt. Kommunen sin plan for vatn, avløp og vassmiljø er viktig for å få diskutert desse fagområda.

Rolleavklaring:

Fylkeskommunen: er vassregionmynde, skal styra prosessen og rapportera tiltaka innan gjeldande fristar til departementet.

Fylkesmannen: er miljøfagleg ansvarleg for arbeidet og overvakinga av vassforekomstane

Sektormynda (kommune, NVE, Fylkesmannen, Mattilsynet, Fiskeridirektoratet m.fl) : skal syta for at tiltaka vert gjennomført og rapportera desse til fylkeskommunen

Det vert vist til meir info om kommunen sin rolle i vassforvaltingsarbeidet på miljokommune.no

vannportalen.no

vann-nett.no.

[vannforskriften i lovdata.no](http://vannforskriften.no)

Har de spørsmål om arbeidet så svarar sakshandsamar i Hordaland fylkeskommune gjerne på spørsmål. Ta kontakt med Sveinung Klyve på mobil 95987501 eller e-post: sveinung.klyve@hfk.no

Koordinator for dei einiskilde vassområda i Hordaland er:

Voss-Osterfjorden vassområde: Sveinung Klyve, tlf 95987501

Vest vassområde: Ole Sandven tlf 99241781

Hardanger vassområde; Lars Prestiin, tlf 40007155

Nordhordland vassområde: Kjersti Isdal tlf 97129193

Sunnhordland vassområde: Kari Rydland, tlf 41764898

Venleg helsing

Sølve Dag Sondbø
klima- og naturressurssjef

Sveinung Klyve
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

